
Kvalitet på naturtypedata

etter DN-handbok 13 i Lærdal kommune



Miljøfaglig Utredning, notat 2024–N3

Dato: 22.01.2024

Notat 2024-N3

Utførende institusjon: Miljøfaglig Utredning AS	Prosjektansvarleg: Geir Gaarder
	Prosjektmedarbeidar(ar): Ardian Høggøy Abaz, Sylvelin Tellnes
Oppdragsgjevar: Lærdal kommune	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Magnhild Aspevik
Referanse: Gaarder, G., Abaz, A. H. & Tellnes, S. 2024. Kvalitet på naturtypedata etter DN-handbok 13 i Lærdal kommune. Miljøfaglig Utredning, notat 2024-N3. 23 s. ISBN 978-82-345-0524-9	
Referat: <p>I samband med arbeidet med ein kommunedelplan for naturmangfald i Lærdal kommune, er det gjort ein vurdering av korleis eldre naturtypekartleggingar etter DN-handbok 13 kan nyttast i forvaltninga i kommunen. Vurderinga er i fyrste rekkje gjort med grunnlag i skriftlege kjelder.</p> <p>Det er i samband med dette prosjektet utarbeidd ein enkel metodikk for kvalitetsvurderinga. Her vert det skilt mellom fire kvalitetsklasser, og det er sett opp konkrete krav til plassering i kvar klasse. I metoden er det også sett fram forslag til kva slags følgjer plassering i dei einskilde klassene skal få for forvaltninga sin bruk av data.</p> <p>Alle lokalitetar i Lærdal kartlagt etter DN-handbok 13 (176 stk.), og som ligg i Naturbase, vart gjennomgått med omsyn på metodikk som i si tid vart nytta, val av naturtype, alder på data, val av verdi og kvalitet på data. Lokalitetane vart deretter delt inn i dei fire klassane:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Lokalitetar direkte eigna for bruk: 52 stk. 2. Lokalitetar der meir informasjon er naudsynt: 112 stk. 3. Lokalitetar som bør forkastast: 5 stk. 4. Lokalitetar der nyare data bør nyttast: 7 stk. <p>I notatet er også metodikken og dei ulike vala som der er gjort, kortfatta diskutert.</p>	

Forsidefoto: Naturtypelokalitet «Hagen – beitemark» ved Borlaug, naturbasenummer BN00089976. Biletet vart teken i 2008, i samband med utgreiing av ny E16 mellom Borlaug og Maristova. Både attgroing og ny veg har helst påverka lokaliteten, men dette kjem ikkje fram av lokalitetsskildringa i Naturbase. I tillegg har det kome store endringar i kartleggingsmetodikk. Korleis skal da offentleg forvaltning halde seg til slike data? Dette er spørsmålet som dette notatet søker å gje nokre svar på. Foto: Geir Gaarder

INNHALD


INNHALD	3
1 INNLEIING	4
1.1 BAKGRUNN	4
1.2 METODIKK	4
2 RESULTAT	6
3 DISKUSJON AV METODIKKEN	22
4 KJELDER	23

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Lærdal kommune skal utarbeide kommunedelplan for naturmangfald. Ein sentral del av dette arbeidet er å sette saman kunnskapsgrunnlaget om mangfaldet i kommunen, og i neste omgang vurderer korleis dette skal nyttast i framtidig forvaltning. Eit viktig datasett er naturtypar kartlagt etter DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 1999, 2007, Miljødirektoratet 2015). Som det indirekte kjem fram av kjeldene for denne handboka, føreligg den i ulike versjonar, noko som gjev ulike resultat. Samtidig er data av varierende alder, kvalitet og bakgrunn.

Det er difor naudsynt med ein systematisk gjennomgang av dette datasettet, for å vurderer kva og i kor stor grad det kan nyttast framover, før ein kan bruke dei i kommunedelplanen. Ein slik gjennomgang vil også gje viktig informasjon om kva slags tiltak som bør prioriterast for oppfølging av kommunedelplanen.



Figur 1. Oversiktskart som viser registrerte naturtypar etter DN-handbok 13 i Lærdal kommune, med grunnlag i Naturbase (Miljødirektoratet 2023).

1.2 Metodikk

Det er ikkje utarbeidd nokon spesifikk metodikk for systematisk kvalitetskontroll av naturtypedata etter DN-handbok 13. I denne rapporten er det difor utvikla eit særskilt system for dette, som er særleg retta mot dei praktiske konsekvensane konklusjonen vil ha for kommunal arealforvaltning.

Med praktisk bruk er det her m.a. tenkt på følgjande føremål:

- Til bruk ved vurdering av søknader om inngrep, dvs. om det skal gis tilsagn, om tiltaket skal nektast eller om det skal setjast vilkår til tilsagnet.
- Til bruk ved vurdering av tilskot og støtte, ikkje minst til tiltak i jordbruket sitt kulturlandskap.

Kvalitetsvurderinga delar alle naturtypelokalitetar i tre hovudklasser:

1. God kvalitet. Lokalitetar direkte eigna for bruk
2. Mangelfull kvalitet. Lokalitetar der meir informasjon er naudsynt
3. Feil kvalitet. Lokalitetar som bør forkastast
4. Revidert kvalitet. Lokalitetar der nyare data bør nyttast

Gruppe 1 – God kvalitet

Krav: Naturtype skal vere korrekt. Verdi i samsvar med nyaste metodikk for DN-handbok 13. Grenser skal verke «rimeleg» korrekte (betre enn 20 meter under skoggrensa og betre enn 50 meter over skoggrensa). Data skal vere nyare enn år 2010, og nye flyfoto skal ikkje vise vesentlege endringar i miljøet. Lokalitetsomtalen skal ikkje ha tydelege manglar med omsyn til dokumentasjon av data, og omtale av påviste naturverdiar og omsyn desse treng.

Konsekvensar: Data kan brukast slik dei er, til vurdering av konsekvensar av tiltak, søknader om tilskot mv., så langt andre krav til innhald, metodikk mv. ikkje seier noko anna. Det er normalt ikkje naudsynt med nye undersøkingar. Unntaksvis kan det likevel føreligge spesielle grunnar til dette, t.d. om det er snakk om potensielt store negative konsekvensar, samtidig som det er ein del uvisse knytt til korleis tiltaket verkar inn på verdiane.

Gruppe 2 – Mangelfull kvalitet

Krav: Dokumentasjonen tilseier at dette er eller har vore ein verdifull naturtype. Det føreligg samtidig ingen sikker dokumentasjon på at verdiane har gått tapt. Samtidig er det manglar her, t.d. at data er gamle og usikre, lokaliteten er berre grovt avgrense, verdien verkar usikker eller dokumentasjonen er mangelfull.

Konsekvensar: Data kan ikkje brukast som argument for å tillate inngrep, til det er uvisse for høg, mao. skal føre-var-prinsippet nyttast. Om tiltakshavar likevel ønskjer å gjere noko, så trengs det supplerande kartlegging før det kan gjevast tilsegn. Data er samtidig for dårlege til å innvilge søknader om støtte. Også da er det naudsynt med supplerande kartlegging for å redusere uvisse.

Gruppe 3 – Feil kvalitet

Krav: Data gjev ikkje grunnlag for å tru at det finst verdifulle naturtypar her. Den vanlegaste grunnen er at det finst kvalitetar, men desse er ikkje samsvarande med naturtypemetodikk. Særleg gjeld det økologisk viktige funksjonsområde for fugl. Andre grunner kan teoretisk vere at det har vore omfattande, negative endringar sidan kartlegginga, at dokumenterte naturkvalitetar ikkje er store nok, eller av andre grunner, t.d. feilplassert lokalitet.

Konsekvens: Data kan ikkje nyttast for vurdering av naturtypeverdi. NB! Dette betyr likevel ikkje at det automatisk kan tillatast inngrep her. Det er naudsynt med nye, uavhengige vurderingar av potensial og eventuelt også verdiar. Og, i staden for verdifulle naturtypar, så kan det godt vere at dette er eit økologisk funksjonsområde for artar av verdi.

Gruppe 4 – Revidert kvalitet

Krav: Lokalitet der det finst nye, oppdaterte data av god kvalitet og etter ny metodikk..

Konsekvens: Nye data skal primært nyttast og vere gjeldande i forvaltinga. Ein skal likevel vere varsam med å fjerne gamle datasett, da desse framleis kan innehalde nyttig informasjon.

2 Resultat

Det var 176 lokalitetar i datasettet for Lærdal kommune. Av desse vert 52 vurdert å ha god kvalitet, 112 mangelfull kvalitet, 5 feil kvalitet og 7 har fått revidert kvalitet.

Resultata av gjennomgangen er vist i tabell 1 under, samt kart i figur xx.

Tabell 1. Kvalitetsvurdering av naturtypelokalitetar kartlagt etter DN-handbok 13 i Lærdal kommune. Nr.=Naturbasenummer. Kvalitetsvurdering: 1=God kvalitet. 2=Mangelfull kvalitet. 3=Feil kvalitet. 4=Revidert kvalitet.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00123005	Sløgrandane	Flaummarkskog	x				Ganske oppdatert metodikk og nye data. NB! Det kan vere nyare artsfunn som også bør trekkjast inn.
BN00092719	Kolda	Gammal barskog	x				Ganske nye data. Ikkje helt i samsvar med ny metodikk, men truleg godt nok. Topografi gjer at grensene nok er noko grove.
BN00123055	Nervedalen-Reinsuredrusti	Gammal barskog	x				Ganske nye data. Ikkje heilt i samsvar med ny metodikk, men truleg godt nok. Grensene kan vere litt grove for nokre formål.
BN00092683	Bøafossen sør	Gammal boreal lauvskog	x				Ikkje heilt nye data og litt uvisse knytt til kopling mot dagens metodikk, men truleg høg kvalitet på datasettet.
BN00092731	Bøagjeli	Gammal boreal lauvskog	x				Ikkje heilt nye data og litt uvisse knytt til kopling mot dagens metodikk, men truleg høg kvalitet på datasettet.
BN00017523	Hausagjelet	Gammal boreal lauvskog	x				Litt uvisse knytt til kopling mot dagens metodikk, men truleg nokså høg kvalitet på datasettet.
BN00120510	Kolda sør	Gammal boreal lauvskog	x				Litt uvisse knytt til kopling mot dagens metodikk, men truleg nokså høg kvalitet på datasettet.
BN00017574	Råsdalen: Spavang	Gammal boreal lauvskog	x				Ganske oppdatert metodikk og nye data. NB! Det kan vere nyare artsfunn som også bør trekkjast inn.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00092668	Senda kløftemunning	Gammal boreal lauvskog	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00092738	Senddalen under Døn	Gammal boreal lauvskog	x				Ganske nye data. Ikkje helt i samsvar med ny metodikk, men truleg godt nok.
BN00092743	Senddalen, lia V for Skogaøyini	Gammal boreal lauvskog	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data. Truleg burde lokaliteten ha vorte splitta opp.
BN00128773	Stavaberget	Gammal fattig edellauvskog	x				Ikkje heilt oppdatert metodikk, men nye og ganske presise data. NB! Det kan vere nyare artsfunn som også bør trekkjast inn.
BN00092687	Etreåsen sør	Gråor-heggeskog	x				Litt gamle data og kortfatta omtale, men er truleg godt nok i dei fleste tilfelle.
BN00090031	Gamlestøl	Gråor-heggeskog	x				Ikkje heilt nye data og litt uvisse knytt til kopling mot dagens metodikk, men truleg høg kvalitet på datasettet.
BN00123489	Bjørko nord	Hagemark	x				Ganske oppdatert metodikk og nye data.
BN00017554	Molde	Hagemark	x				Ganske nye og presise data. Bør vere gode nok for mange føremål, men litt uvisse knytt til naturtypar.
BN00118957	Molde: Svihammarsvoi hagemark	Hagemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00120372	Råshaugen aust	Hagemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00119482	Storabjørki	Hagemark	x				Ikkje heilt nye data, men av ganske høg kvalitet.
BN00119481	Verpesneset - Kalvehagen	Hagemark	x				Ikkje heilt nye data, men av ganske høg kvalitet.
BN00017533	Øye	Hagemark	x				Litt gamle data og kortfatta omtale, men er truleg godt nok i dei fleste tilfelle, men NB! Bør supplerast med Aspevik (2022) sine data.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00123404	Molde: Svihammersvoi haustingsskog	Haustingsskog	x				Ganske nye data. Truleg ganske presis grense. Burde ha vore noko artsdata.
BN00090016	Monsuri	Haustingsskog	x				Ganske nye data. Truleg ganske presis grense. Burde ha vore noko artsdata.
BN00123491	Bjørko sør	Lauveng	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00123548	Eggum	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00123547	Gram-Gamleøyini-Øyamarka	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00017543	Haugsbakken	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00090020	Helland nord	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00126997	Kyrkjefurhaugane	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00123007	Moane sørvest	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00089979	Molde: Bakkegarden	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00118956	Molde: Haugane	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data. Truleg burde lokaliteten ha vorte splitta opp.
BN00120371	Oppkomerusti	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data, men NB! sjå også vurdering av Gaarder (2024).
BN00120370	Råshaugen	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data, men NB! sjå også vurdering av Gaarder (2024). Verdi kan vere satt for lågt.
BN00123006	Sløgrandane naturbeitemark	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00123003	Sløgrandane nord	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00123546	Sæl aust	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00123545	Sæl sør	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00123544	Sætre	Naturbeitemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00092714	Store Sokni	Regnskog	x				Ganske nye data. Ikkje helt i samsvar med ny metodikk, men truleg godt nok.
BN00120263	Ljøsne: Rahella	Rik berglendt mark	x				Ganske nye data. Ikkje helt i samsvar med ny metodikk, men truleg godt nok.
BN00120261	Råsdalen: Kjøthellergrovi	Rik berglendt mark	x				Ganske nye data. Ikkje helt i samsvar med ny metodikk, men truleg godt nok.
BN00120511	Snøskredene	Rik edellauvskog	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00123490	Bjørko: Merkjeshaugen	Slåttemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00123488	Bjørko: Steinsåkeren	Slåttemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00119480	Indre Frønningen Trolldotten	Slåttemark	x				Ganske nye data. Ikkje helt i samsvar med ny metodikk, men truleg godt nok.
BN00123004	Moane vest	Slåttemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00062527	Molde 2: Slåttemark nord	Slåttemark	x				Ganske nye data. Ikkje helt i samsvar med ny metodikk, men truleg godt nok.
BN00090015	Nese heimeutmark	Slåttemark	x				Ganske nye data. Ikkje helt i samsvar med ny metodikk, men truleg godt nok.
BN00126998	Olsrud	Slåttemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00123487	Ulviksbakken	Slåttemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00126999	Øynane	Slåttemark	x				Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data.
BN00017561	Ljøsne terrasse	Andre viktige førekomstar		x			Svært viktig, men feil naturtype og noko grovt avgrensa
BN00092726	Dylma	Bekkekløft og bergvegg		x			Viktig, men feil naturtype og truleg noko grovt avgrensa
BN00090001	Hagen - steinblokk	Bekkekløft og bergvegg		x			Kan vere økologisk viktig funksjonsområde, kan vere naturtype
BN00090024	Herbrufossen	Bekkekløft og bergvegg		x			Mangelfullt dokumentert, helst viktig naturtype
BN00090025	Jutlaelvi	Bekkekløft og bergvegg		x			Truleg anten viktig naturtype eller økologisk funksjonsområde. Feil noverande naturtype
BN00121878	Kvemma	Bekkekløft og bergvegg		x			Truleg anten viktig naturtype eller økologisk funksjonsområde. Feil noverande naturtype
BN00090009	Maristova: Oddefossen	Bekkekløft og bergvegg		x			Truleg anten viktig naturtype eller økologisk funksjonsområde. Feil noverande naturtype
BN00092671	Senda	Bekkekløft og bergvegg		x			Svært viktig, men naturtype er ikkje i samsvar med ny metodikk
BN00089997	Trodleliholet	Bekkekløft og bergvegg		x			Viktig, men naturtype er ikkje i samsvar med ny metodikk
BN00089998	Trolleii - Tynjadalsbotn	Bekkekløft og bergvegg		x			Viktig, men naturtype er ikkje i samsvar med ny metodikk
BN00017526	Ytre Grandane	Deltaområde		x			Svært viktig, men litt gamle data, og heller ikkje optimal naturtypevurdering. Avgrensing er nok også litt diskutabel, samt at eit viktig poeng her er verdien som økologisk funksjonsområde for artar
BN00090012	Kjørnes	Flaummarkskog		x			Viktig, men litt gamle data og burde ha vore oppdatert metodikk

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00090003	Storøyni	Flaummarkskog		x			Viktig, men burde ha vore kartlagt etter oppdatert metodikk.
BN00092706	Bøafossen	Fossesprøytsone		x			Tydeligvis viktig, men verkar litt grovt avgrensa og bør kartleggast etter ny metodikk
BN00017555	Lo	Fuktenger		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data. Kan vere økologisk viktig funksjonsområde for artar i tillegg.
BN00092684	Mjølkeflaten	Gammal barskog		x			Truleg viktig, men litt gamal metodikk, og uvisst om lokaliteten kjem innanfor inngangskrava no.
BN00017559	Seltunåsen	Gammal barskog		x			Utvilsamt viktig, men gamle og grove data. Truleg bør lokaliteten splittast ein del opp.
BN00092727	Svagrovi aust	Gammal barskog		x			Truleg viktig, men litt gamal metodikk, og uvisst om lokaliteten hamnar innanfor inngangskrava no.
BN00017522	Hausa	Gammal boreal lauvskog		x			Viktig, men nokså gamle data og helst grove grenser
BN00092735	Nesdalen vestside	Gammal boreal lauvskog		x			Viktig, men feil naturtype og truleg noko grovt avgrensa
BN00017569	Rikheim	Gammal boreal lauvskog		x			Viktig, men feil naturtype og truleg noko grovt avgrensa
BN00092733	Tronanakken nedre	Gammal boreal lauvskog		x			Litt gamal metodikk, og uvisst om lokaliteten kjem innanfor inngangskrava no.
BN00092739	Tronanakken øvre	Gammal boreal lauvskog		x			Litt gamal metodikk, og uvisst om lokaliteten kjem innanfor inngangskrava no.
BN00017583	Stuvane	Gammal fattig edellauvskog		x			Svært viktig, men litt uklart kva som er riktig naturtype og noko grovt avgrensa. Burde helst vore splitta noko opp.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00017524	Berdalen	Gammal furuskog		x			Helst av ganske høg verdi, men dette er likevel noko uvisst, og det er berre ganske gamle og grove data.
BN00017531	Vindedalen aust	Gammal furuskog		x			Helst viktig, men noko gamle og grove data.
BN00017530	Vindedalen vest	Gammal furuskog		x			Truleg viktige parti, men gamle og grove data.
BN00017572	Neshagen	Gråor-heggeskog		x			Truleg viktig, men litt gamal metodikk, og uvisst om lokaliteten kjem innanfor inngangskrava no.
BN00017568	Bø	Hagemark		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00062538	Fosseteigen	Hagemark		x			Truleg viktig, men noko gamle og grove data.
BN00017563	Halabrekka	Hagemark		x			Utvisamt viktig, men gamle og grove data. Helst bør lokaliteten splittast ein del opp.
BN00123403	Kvigno hagemark	Hagemark		x			Helst viktig, men noko gamle og grove data.
BN00017587	Kyrkjevoll sør	Hagemark		x			Helst viktig, men noko gamle og grove data.
BN00017565	Øvre Grøte	Hagemark		x			Utvisamt viktig, men ujamn kvalitet på data. Truleg bør lokaliteten splittast ein del opp.
BN00017520	Hausen nedre	Kalkbarskog		x			Ganske nye data, men litt tynn på artsmangfald og truleg ikkje særleg nøye avgrensa.
BN00017548	Bleiaskard	Kalkrike område i fjellet		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00090004	Kvevotni - Hallingskeidvatnet	Kalkrike område i fjellet		x			Verkar ganske presis grense og ikkje særleg gamle data. Helst er dei er gode nok for ein del typar bruk, men m.a. manglar naturtypeinformasjon.
BN00017576	Ulvehaugen	Kalkrike område i fjellet		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data. Ein feilbestemt art.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00017578	Revsnes	Kalkskog		x			Gamle og grove data. Kan godt vere verdifull, men må undersøkjast på nytt.
BN00089993	Tønjum nordvest	Kroksjøer, flaumdammar og meandrerende elveparti		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00017553	Borlaug	Naturbeitemark		x			Viktig, men må oppdaterast og bør nok også få ei ny kartlegging for å få meir presise grenser.
BN00090026	Borlaug øvre	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men må få ei oppdatert kartlegging.
BN00017521	Brusestølen	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data.
BN00017552	Brøyni	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data. Kan vere at lokaliteten bør splittast opp.
BN00089983	Buene	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00090021	Grøte	Naturbeitemark		x			Helst viktig, men bør kartleggjast etter ny metodikk.
BN00089976	Hagen - beitemark	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00017542	Hauge	Naturbeitemark		x			Helst viktig, men noko gamle og grove data.
BN00017545	Hegg	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data.
BN00017550	Hillestad	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data.
BN00089994	Honingane	Naturbeitemark		x			Utvihsamt viktig, men gamle og grove data. Truleg bør lokaliteten splittast ein del opp.
BN00090006	Kvigno beitemark	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00090022	Ljøsne - skog	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00017546	Låi	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00090023	Mo indre	Naturbeitemark		x			Viktig, men må oppdaterast og bør nok også få ei ny kartlegging for å få meir presise grenser. Sjå også vurdering hos Gaarder (2024).
BN00089978	Nedre Eikestølen	Naturbeitemark		x			Viktig, men må oppdaterast og bør nok også få ei ny kartlegging for å få meir presise grenser.
BN00089975	Nedre Ljøsne øst	Naturbeitemark		x			Viktig, men litt gamle data og burde ha vore oppdatert metodikk.
BN00017571	Nese	Naturbeitemark		x			Viktig, men må kvalitetssikrast og få oppdatert omtale med grunnlag i nytt feltarbeid.
BN00089996	Rikheim beitemark	Naturbeitemark		x			Viktig, men må oppdaterast og bør nok også få ei ny kartlegging for å få meir presise grenser. Sjå også vurdering hos Gaarder (2024).
BN00090032	Skårheim (Hillestad)	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00017540	Sprakehaugen	Naturbeitemark		x			Viktig, men må kvalitetssikrast og få oppdatert omtale med grunnlag i nytt feltarbeid.
BN00017584	Stuvehagane	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data. Lokaliteten må splittast opp.
BN00090011	Sæbø: Ekrene beitemark	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00090002	Sæbø: Sjøbakken beitemark	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data.
BN00089999	Tønjum beitemark aust	Naturbeitemark		x			Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data, men NB! sjå også vurdering av Gaarder (2024). Verdi kan vere satt for lågt.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00089987	Tønjum beitemark vest	Naturbeitemark		x			Ganske nye data. Ganske høg kvalitet på data, men NB! sjå også vurdering av Gaarder (2024). Verdi kan vere satt for lågt.
BN00089992	Voldum sør	Naturbeitemark		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00089977	Furehovden	Nordvendte kystberg og blokkmark		x			Utvilsamt viktig og godt dokumentert, men ikkje i samsvar med ny metodikk. NB! Her finst også nyare artsfunn.
BN00017580	Hamna sør	Nordvendte kystberg og blokkmark		x			Utvilsamt viktig, men ujamn kvalitet på data. Truleg bør lokaliteten splittast ein del opp og naturtype endrast.
BN00092721	Nesdalen austside	Rik blandingskog i låglandet		x			Utvilsamt viktig, men ujamn kvalitet på data. Truleg bør lokaliteten splittast ein del opp.
BN00017547	Almegil	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00017577	Anfinnbakgrovi	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00017538	Bjørko øvre	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00089988	Bjørnastigen	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00017537	Guribakkane	Rik edellauvskog		x			Kanskje verdifull, men bør undersøkjast betre og med ny metodikk
BN00017566	Husum	Rik edellauvskog		x			Utvilsamt viktig, men ujamn kvalitet på data. Truleg bør lokaliteten splittast ein del opp.
BN00017549	Kvigno skog	Rik edellauvskog		x			Kanskje verdifull, men bør undersøkjast betre og med ny metodikk
BN00017544	Lassebakken	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data. Lokaliteten må splittast opp.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00089990	Liaråshaugane	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data. Kan vere at lokaliteten bør splittast opp.
BN00017570	Mo	Rik edellauvskog		x			Viktig, men må oppdaterast og bør nok også få ei ny kartlegging for å få meir presise grenser. Sjå også vurdering hos Gaarder (2024).
BN00090018	Nedre Ljøsne	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00090014	Nedre Ljøsne nord	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00017557	Nedre Skori - Hellenen	Rik edellauvskog		x			Utvilsamt viktig, men ujamn kvalitet på data. Truleg bør lokaliteten splittast ein del opp.
BN00090028	Rotaløteigane	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data. Lokaliteten må splittast opp.
BN00017573	Råsdalen: Kyrhelleruri	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00090017	Storehaugen nord	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men må få ei oppdatert kartlegging.
BN00017586	Stødno	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men må få ei oppdatert kartlegging.
BN00090027	Øvre Ljøsne øst	Rik edellauvskog		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00090008	Grøtøyane	Rik sump- og kjeldeskog		x			Kanskje verdifull, men bør undersøkjast betre og med ny metodikk
BN00090030	Kvitaberget sør	Rik sump- og kjeldeskog		x			Kanskje verdifull, men bør undersøkjast betre og med ny metodikk
BN00017575	Eldrevatnet	Rikmyr		x			Utvilsamt viktig, men gamle og grove data. Truleg bør lokaliteten splittast ein del opp. Helst også eit viktig økologisk funksjonsområde for artar.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00090010	Voldum sørvest	Rikmyr		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00017515	Borgund stavkyrkje	Slåttemark		x			Kanskje verdifull, men bør undersøkjast betre og med ny metodikk
BN00089985	Elastølane (Maristova)	Slåttemark		x			Kanskje verdifull, men bør undersøkjast betre og med ny metodikk
BN00017558	Galdane	Slåttemark		x			Ganske sikkert viktig, men må få ei oppdatert kartlegging.
BN00090005	Holkeperhagen	Slåttemark		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data.
BN00017551	Kvigno	Slåttemark		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data. Lokaliteten må splittast opp.
BN00017567	Kyrkjevoll nord	Slåttemark		x			Kanskje verdifull, men bør undersøkjast betre og med ny metodikk
BN00118953	Molde 2: Slåttemark sør	Slåttemark		x			Utvilsamt viktig og godt dokumentert, men ikkje i samsvar med ny metodikk. NB! Her finst også nyare artsfunn.
BN00118948	Nevlo	Slåttemark		x			Ganske sikkert viktig, men må få ei oppdatert kartlegging.
BN00017518	Skori	Slåttemark		x			Kanskje verdifull, men bør undersøkjast betre og med ny metodikk
BN00089980	Sæbø: Ekrene slåttemark	Slåttemark		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data. Lokaliteten må splittast opp.
BN00089989	Sæbø: Sjøbakken slåttemark	Slåttemark		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data. Lokaliteten må splittast opp.
BN00017532	Heller	Strandeng og strandsump		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data. Lokaliteten må splittast opp.

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00017536	Villakssenteret	Strandeng og strandsump		x			Ganske sikkert viktig, men litt gamle og grove data. Kan vere økologisk viktig funksjonsområde for artar i tillegg. Truleg finst også andre nyare kjelder her.
BN00017539	Bjørko nedre	Sørvendte berg og rasmarker		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data.
BN00090029	Borlaug: Brattbakkgrovi	Sørvendte berg og rasmarker		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data. Lokaliteten må splittast opp.
BN00089982	Holten	Sørvendte berg og rasmarker		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data.
BN00017581	Moldabakkadn	Sørvendte berg og rasmarker		x			Utvisamt viktig og godt dokumentert, men ikkje i samsvar med ny metodikk. NB! Her finst også nyare artsfunn.
BN00017528	Ofta	Sørvendte berg og rasmarker		x			Ganske sikkert viktig, men må få ei oppdatert kartlegging.
BN00089974	Skardsgjeli aust	Sørvendte berg og rasmarker		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data. Sjå også Gaarder (2024).
BN00017585	Stødnalii	Sørvendte berg og rasmarker		x			Ganske sikkert viktig, men for gamle og grove data.
BN00017516	Frostdalen	Andre viktige førekomstar			x		Truleg økologisk viktig funksjonsområde for artar
BN00017517	Trettetjørn	Andre viktige førekomstar			x		Truleg økologisk viktig funksjonsområde for artar
BN00017519	Valdresdalen	Andre viktige førekomstar			x		Truleg økologisk viktig funksjonsområde for artar
BN00017525	Frønningvotni	Intakte låglandsmyrer			x		Truleg økologisk viktig funksjonsområde for artar
BN00017527	Lomtjørni	Intakte låglandsmyrer			x		Truleg økologisk viktig funksjonsområde for artar
BN00089991	Tønjum	Flaummarkskog				x	Rekartlagt i 2023. Nye data bør nyttast, men desse gamle kan gje viktige supplement

Naturbasenr.	Namn	Naturtype	Kvalitetsklasse				Kommentar
			1	2	3	4	
BN00090013	Hauge vest	Naturbeitemark				x	Rekartlagt i 2023. Nye data bør nyttast, men desse gamle kan gje viktige supplement
BN00089986	Huldahaugen	Naturbeitemark				x	Rekartlagt i 2022, sjå Gaarder (2022). Nye data bør nyttast.
BN00090000	Tønjum nord	Naturbeitemark				x	Truleg rekartlagt i 2023. Nye data bør nyttast, men desse gamle kan gje viktige supplement
BN00090007	Blåstad nord	Open flaummark				x	Rekartlagt i 2023. Nye data bør nyttast, men desse gamle kan gje viktige supplement. Sjå også Gaarder (2024).
BN00089995	Grøttebø nord	Open flaummark				x	Rekartlagt i 2023. Nye data bør nyttast, men desse gamle kan gje viktige supplement. Sjå også Gaarder (2024).
BN00089981	Sanden	Open flaummark				x	Rekartlagt i 2023. Nye data bør nyttast, men desse gamle kan gje viktige supplement
Sum:	176 lokalitetar						

Kommentarar:

God kvalitet: Mange av lokalitetane (34 stykkar) er kulturmarker (hagemark, haustingsskog, lauveng, naturbeitemark og slåttemark) som har vorte kartlagt i samband med tildeling av tilskot og utarbeiding av skjøtselsplanar dei siste 5 åra. Til dels har desse ganske omfattande skildringar, der m.a. NiN er nytta, men det varierer noko. I tillegg kjem ein del skogsmiljø. Mange av desse har vorte kartlagt i samband med særskilte undersøkingar av kalkskog, bekkekløfter mv. for nokre år sidan. Også desse har til dels omfattande skildringar, men normalt er ikkje NiN nytta. Resten av lokalitetane har m.a. kome tilknytt nyare konsekvensutgreiingar (enten utgreiingar etter forskrifta frå plan- og bygningslova eller forenkla utgreiingar etter naturmangfaldlova).

Mangelfull kvalitet: Dette er hovudparten av lokalitetane (112 stykkar). Dei fleste har vorte undersøkt for 5-20 år sidan, men det er også lokalitetar der data stort sett er attende til 1990-talet, unntaksvis primært 1980-talet. Kvaliteten på data varierer sterkt, frå lokalitetar med omfattande omtaler av høg kvalitet, til lokalitetar med berre nokre få setningar og svært lite informasjon. Ein del lokalitetar bør utvilsamt splittast opp, da dei eigentleg inneheld ulike naturtypar.

Andre er berre ganske grovt avgrensa. Truleg er det også store skilnader i dagens tilstand, samanlikna med det som står i lokalitetsskildringa, særleg for kulturlandskapslokalitetar der omtalen ligger attende til 90-talet.

Feil kvalitet: Dette omfattar berre 5 lokalitetar, der 3 er registrerte som andre viktige førekomstar og 2 som intakte låglandsmyrer. I alle tilfelle er det prat om myr- og ferskvassmiljø, og det aller meste av areala fell mest sannsynleg utanfor krava som no vert stilt til verdifulle naturtypar. Derimot tyder det meste på at dei er av verdi som økologiske funksjonsområde for artar, og da særleg våtmarksfugl. Dette er altså framleis verdfulle miljø, men meir grunnlag i annan metodikk.

Revidert kvalitet: Dette omfattar berre 7 lokalitetar, og det er prat om stader der det har vorte utført NiN-basert kartlegging som truleg er av ganske god kvalitet heilt nyleg, primært av Simonsen mfl. (2023).

3 Diskusjon av metodikken

Som nemnt i kapittel 1.2 er det ikkje kjent nokon offisiell metodikk for korleis ein skal kvalitetsvurdere naturtypelokalitetar kartlagt med grunnlag i DN-handbok 13, anten det gjeld etter eldste utgåve av denne handboka (Direktoratet for naturforvaltning 1999), den reviderte utgåva (Direktoratet for naturforvaltning 2007), eller dei siste utkasta til faktaark som vart laga i den avbrotne revisjonen (Miljødirektoratet 2015).

Her er det valt ein grov, forvaltingsretta inndeling i fire hovudgrupper. Det føreligg m.a. skjønnsmessige val i grensene mellom desse gruppene, særleg mellom dei som vert rekna å ha god kvalitet og dei som vert rekna for mangelfulle. Her kunne vurderingane godt å ha vore både strengare og mildare. I tillegg kunne ein tenkt seg ein finare gruppeinndeling. Til dømes kunne dei med god kvalitet ha vorte delt inn etter om NiN (Natur i Noreg) ha vorte nytta eller ikkje. For dei med dårleg kvalitet kunne ein m.a. ha skilt mellom kva slags versjon av DN-handbok 13 som har vorte nytta.

Det er også eit ope spørsmål om føreslegne forvaltningsreglar knytt til gruppeplasseringa er sjølvsegte. Ein kunne både tenkt seg meir restriktiv eller meir liberal haldning til korleis informasjon om lokalitetar i ulike grupper kan nyttast av offentleg forvaltning. NB! Uansett er det viktig å vere klar over at det er forslag til reglar som gjeld naturtypene som er omtalt. Er det trong for å vurdere artar eller landskapsøkologiske verdiar, så må det gjerast heilt nye, sjølvstendige vurderingar.

4 KJELDER

Direktoratet for naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13. Direktoratet for naturforvaltning, Trondheim, 238 s.


Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2007. 258 s. + vedlegg.

Gaarder, G. 2024. Feltkontroll av naturtypekartlegging i Lærdal kommune. Miljøfaglig Utredning, notat 2024-N1. 29 s.

Miljødirektoratet 2015. Veileder for kartlegging, verdisetting og forvaltning av naturtyper på land og i ferskvann, Utkast til faktaark.

Miljødirektoratet 2023. Naturbase dokumentasjon. Biologisk mangfold. Henta 20.12.2023 frå: <https://geocortex01.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

Simonsen, L., Mürer, V., Hovind, A. Å. & Ombler, E. 2023. Lærdalselva – terrestrisk miljøkartlegging som grunnlag for fremtidige sikringstiltak. NVE Ekstern rapport nr. 21/2023. 34 s.



Miljøfaglig Utredning AS ble etablert i 1988. Firmaet tilbyr miljøfaglig rådgivning. Virksomhetsområdet omfatter blant annet:

- Kartlegging og konsekvensanalyse på fagtema naturmangfold
- Skjøtselsplaner og forvaltningsplaner
- Utarbeiding av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-virksomhet
- Kurs og foredrag

Hjemmeside: www.mfu.no

Org.nr.: 984494068 MVA